



Balestrand kommune
Plan og utvikling

Det kongelige arbeids- og sosialdepartement
Postboks 8019 Dep
0030 Oslo

Vår ref.
14/517-5/AA

Arkivkode
024 F06 &13

Deres ref.

Dato
23.07.2014

**Uttale til høyring –
Eit enklare tiltakssystem tilpassa brukarane sine behov**

På bakgrunn av sak i kommunestyret vil Balestrand kommune gje følgjande uttale til høyringa:

Balestrand kommune er glad for at regjeringa ikkje ynskjer å innføre endringar som påverkar arbeidsmarknadstiltaka Varig tilrettelagt arbeid (VTA) og Arbeidspraksis i skjerna verksemd (APS).

Balestrand kommune meiner det er svært uheldig at regjeringa legg opp til eit vesentlig linjeskifte i arbeidsmarknadspolitikken, utan at Stortinget har fått handsame saka. Regjeringa har varsla at det kjem ei stortingsmelding om arbeidsmarknadspolitikken i haust, men har unnlata å ta med spørsmålet om anbod i meldinga. I staden kjem regjeringa med dette framlegget i ein høyringsrunde med knapp tidsfrist. Anbodsutsetjing av dei attføringstenestene som i dag vert levert av kommunalt eigde vekst- og attføringsbedrifter, vil få store konsekvensar både for brukarar, bedrifter og lokalsamfunn. Det er berre rett og rimelig at dei folkevalde får sagt si meining om saka.

Vi kan heller ikkje sjå at regjeringa har utdjupa moglegheit for å sleppe til andre aktørar på ein annan måte enn gjennom eit anbodsregime. Regjeringa har ikkje vurdert om andre ikkje-kommersielle aktørar, som for eksempel "Kirkens bymisjon", Frelsesarmeen, eller andre frivillige organisasjonar kan utvida sitt tilbod gjennom enten små justeringar i regelverket, eller gjennom ei forsøksordning.

Adresse:
Kong Beles veg 20
6899 BALESTRAND
E-post: postmottak@balestrand.kommune.no
Internett: www.balestrand.kommune.no

Sentralbord: 57 65 12 00
Telefaks: 57 69 12 05
Bankgiro: 3805.07.00043
Bankgiro for skatt: 7855.05.14183
Organisasjons. nr 970 184 252

Balestrand
inspirerer deg

Den kommunale eigarskapen er etter vår meining ein styrkje for attføringsarbeidet. Det sikrar langsiktigheit, stabilitet og ansvarligheit ovanfor verksemdene. Kvar einskild tilsett i verksemdene bidreg med viktig lokalkunnskap, helsefaglig kompetanse og tverrfaglig tenking, som er avgjerande for å skape gode løysingar for dei av våre innbyggjarar som treng hjelp til å skaffe eller behalde jobben. Eit anbodsregime vil gjere det vanskeleg for verksemdene å halda på den attføringsfaglige kompetanse som kommunen ønskjer å ha stabil tilgang til på vegne av innbyggjarane.

Når kommunens vekst- og attføringsbedrift går med eit eventuelt overskott, kjem det tiltaksdeltakarane og verksemdene til gode. Dette prinsippet bør vidareførast. Vi fryktar at kvaliteten i arbeidet blir vesentleg redusert dersom dette arbeidet blir overteke av bedrifter som har bedriftsøkonomisk overskott som fremste føremål.

Vi frykter at eit anbudssystem vil redusere tilbodet til brukarane, særlig for dei brukarane som står lengst unna arbeidslivet, og som har størst bistandsbehov.

Vi frykter og at kommersielle aktørar ikkje vil sjå det interessant nok å tilby attføringstenestar i tynt busette område. Dersom attføringsarbeidet blir gjort av ei kommunal bedrift, sikrar ein eit geografisk likeverdig tilbod til brukarane i distrikta.

Vi er vidare kritiske til at NAV får ein utvida rolle i attføringsarbeidet. Etter vårt syn har NAV nok med å klare å levere dei tenestene etaten allereie er pålagt.

Vi kan ikkje sjå at regjeringa kan dokumentere at andre aktørar kan gjere denne jobben betre enn dei kommunale tiltaksarrangørane, som har lang erfaring og mykje kompetanse på området.

Med helsing



Arnstein Menes
Ordfører